



DEN NORSKE KYRKJA

## – Framdrift for å finne balanse



Førre veke var kyrkjeleg organisering tema på allmøte for alle tilsette i kyrkja.

– Når vi skal lære å sykle, lærer vi at det trengs framdrift for å finne balansen, sa preses Olav Fykse Tveit og viste til at det same gjeld for ny kyrkjeleg organisering. – Det er ikkje nok å berre forsøke balansere, vi må ha framdrift også, sa han og understreka at framdrifta må vere prega av oppdraget vi har som kyrkje.

Andre tema i allmøtet var ein normal, samisk språkveke og ny regjering. Det vart også snakka om medarbeiderundersøkinga som har frist førstkamande fredag (15. oktober).

Om du hadde haustferie eller ikkje fekk med deg møtet, kan du sjå opptak av møtet på [kyrkja.no/allmøte](https://kyrkja.no/allmøte). Du kan også sjå slutten av preses sitt innlegg, som vart avbrutt grunna teknisk feil.

[Sjå opptak av allmøtet på kyrkja.no/allmøte](https://kyrkja.no/allmøte)



## Hugs å svare!

På fredag er fristen for å svare på den nasjonale medarbeiderundersøkinga. Så langt har 52 % gjeve si tilbakemelding. Dersom du ikkje fått den bør du undersøke om du oppfyller kriteria, og ta kontakt med Rambøll for å få den tilsendt.

[Les meir](#)



## Kyrkja tek over eigedom frå OVF

Delinga av Opplysningsvesenets fond (OVF) har kome eit steg vidare. Regjeringa har no avgjort at Den norske kyrkja tek over 145 prestebustader og 193 tomter. Dei siste 18 eigedomane vil bli fordelt i løpet av hausten.

[Les meir](#)



## Sorgstøtte for ungdom

Vil du lære meir om korleis kyrkja kan vere ei støtte for ungdom i sorg? I ressursbanken er det klart nye ressursar om dette – til dømes egne sorggrupper.

[Les meir](#)



## Nettkurs om dialogisk menighet

Kirkelig dialogsenter inviterer til nettkurset "Dialogisk menighet". Kurset gjennomføres digitalt med samlinger høsten 2021 og våren 2022, og du vil lære om religionsdialog og lokalt dialogarbeid.

[Les meir](#)



## Nytt fagforum i kyrkja

Eit nytt forum er sett saman for å jobbe for å ivareta og inkludere menneske med funksjonshemming i Den norske kyrkja. – Et svært viktig samarbeids- og drøftingsforum, sier generalsekretær i KABB.

[Les meir](#)



## Seminar om fosterdiagnostikk

Neste veke skal alle biskopane vere samla til Bispemøte. På måndag 18. oktober kl 11.30 er det opningsgudsteneste i Oslo domkyrkje. Den er open for alle. Klokka 13 inviterer dei til seminar om fosterdiagnostikk – og det er høve til å følgje seminaret digitalt.

[Les meir](#)

---

## Webinar og frukostmøte



### **Frukostmøte: Riv populisme kyrkja i frå kvarandre?**

13. oktober kl 08.30: [Les meir og følg frukostmøtet på nett her](#)

### **Kva kan KFUK-KFUM Forandringssus bety for Den norske kyrkja?**

14. oktober kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

### **Kvifor er den kyrkjelege kulturarven viktig?**

21. oktober kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

### **Enhetsarbeid i polariseringstida? Om økumenisk arbeid og avtalar**

28. oktober kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

### **Kunst og kultur i kyrkja – på born sine premiss**

4. november kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på [ressursbanken.no/webinar](https://ressursbanken.no/webinar)

---

## Fekk du med deg desse sakene?



### Nye ressursar til allehelgen

Første helga i november er det allehelgen, der mange kyrkjelydar inviterer til open kyrkje og gudsteneste. No er det klart nye bilete og plakatar for å invitere til dette.

[Les meir her](#)



### Slutt på Tono-fritak

Under koronapandemien har Tono gjeve fritak frå vederlag på gudstenester sendt på nett. Dette fritaket er no oppheva, og det er laga nye avtalemalar for strømming.

[Les meir her](#)



### Gratulerer prisvinnarar

To journalistar er tildelt Nobels fredspris i 2021 for kampen for yringsfridom. – Prisen til Maria Ressa og Dmitrij Muratov er svært gledeleg, seier internasjonal direktør i Kyrkjerådet.

[Les meir her](#)

---

Nyhendebrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyhendebrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

---

[krpostmottak@kyrkja.no](mailto:krpostmottak@kyrkja.no)